



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

RONGEN SKULE



12. – 15. februar 2007



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeide vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Rongen skule ligg lengst vest i Voss kommune, på Bolstadøyri, ei vakker og triveleg bygd.

Skulen er sterkt involvert i det meste som føregår i bygda, og skulen står difor nær hjarta til dei aller fleste i bygda. Særleg har skulen god kontakt med dei eldre i bygda, og dei skipar difor til generasjonstreff, kor elevane inviterer dei eldre til skulen.

Skulen har markert seg som ein "prosjekt-skule", og tema for ulike prosjekt har ein funne i nærmiljøet.

Skulen ligg fritt og fint til, med skog og natur rundt. Dette gjer at skulen nyttar nærmiljøet mykje i undervisninga.

Skulen er to-delt med 29 elevar, og av desse går 13 på SFO.

Frå vinteren 2007 kom barnehagen inn i skulebygget, og staben auka frå 4 vaksne til 8 vaksne. I barnehagen er det 18 born.

Skulen og barnehagen har felles leiar ved rektor.

3 VURDERINGSTEMA

Rongen skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Positivt elevmiljø og elevane sin sosiale kompetanse.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Tema : Positivt elevmiljø og elevane sin sosiale kompetanse.

<p>Skulen er ein lærande organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none">- det er lagt til rette for samarbeid mellom alle partar i verksemda- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/metodedeling- skuledagen er organisert for tilpassa opplæring- personalet er opne for endringar- skulen vurderer jamnleg verksemda si- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- leiinga gjev god informasjon- dei tilsette søkjer informasjon sjølve- inkludering og felles ansvar for elevane er ein del av skulekulturen
<p>Elevane opplever eit stimulerande og inkluderande miljø</p>	<ul style="list-style-type: none">- læraren "ser" elevane kvar dag- elevane har vener på skulen- det er lite konflikhtar på skulen- det er arbeidsro i timane- elevane er trygge på kvarandre- elevar og lærarar er høflege og venlege mot kvarandre- elevane hjelper, støttar og tek omsyn til kvarandre- det fysiske miljøet gjev gode vilkår for positivt samspel- organiseringa av skuledagen gjev gode vilkår for positivt samspel- dei tilsette trivst på skulen- elevane arbeider etter vekeplanar som gjev elevane val ut frå vanskegrad og arbeidsmåtar- vekeplanane har mål for kva elevane skal læra- læraren si rettleiing er tilpassa den einskilde elev sin læringssituasjon
<p>Personalet har kompetanse og felles plattform som grunnlag for arbeidet med elevmiljøet ved skulen</p>	<ul style="list-style-type: none">- personalet har god erfaring/kompetanse innan klasseleiing og fremjing av sosial kompetanse- personaler er gode rollemodellar for godt samspel- skulen kartlegg behov og har plan for kompetanseutvikling- personalet sitt arbeid byggjer på ei felles forståing av godt elevmiljø- personalet tek kollektivt ansvar for elevane
<p>Det er godt samspel mellom skule og heim</p>	<ul style="list-style-type: none">- det er god dialog om eleven si faglege og sosiale utvikling- skulen har gode rutiner for informasjon og kommunikasjon med foreldra- det er låg terskel for å ta kontakt skule/heim- foreldra opplever foreldremøta som nyttige- foreldra er kjende med arbeidsplanar og rutiner ved skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

Interne: Elevar, tilsette og foreldre.

Eksterne: Rannveig L. Alvsåker og Willy Solberg frå Hardanger/Voss
Kompetanseregion.

I tillegg deltok Gunnar Kile frå Vennesla og Marit Nordahl frå Songdalen i Vest-Agder som hospitantar for å læra vurderingsgruppa sin metodikk.

Grunngjeving for val av informantar

Når "Positivt elevmiljø og elevane sin sosiale kompetanse" vert sett på dagsorden, er det sjølvsagt at alle involverte partar er med. Dei må alle få koma med innspel som kan vera med på ei positiv utvikling av prosessen skulen no har satt i gang. Ut frå valde tema, er det svært viktig at både skule og heim spelar på lag. Det er naudsynt at begge partar dreg i same retning.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 48, 2006	Avtale om møte med rektor og personale. Skulen har meldt vurderingstema.	Vurderarar
Torsdag 04.01.07	Møte mellom vurderarane og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde.	Vurderarane / Rektor
Veke 2 og 3	Forslag til "glansbilete" vert utarbeida	Vurderarar
Innan onsdag 17.01.	Forslag til "glansbilete" vert oversendt skulen	Vurderarar
Veke 4	Arbeida med "glansbilete" på skulen. Skulen drøftar kriteriar og kjem med evt. endringar og tillegg. Svar til vurderarane innan 26.01.	Rektor
Veke 4	Laga spørjeskjema til foreldra. Skulen godkjenner og sender ut. Laga påstandsskjema til lærarar, assistentar og elevar på 5. – 7.trinn. Sendast skulen innan 24.01.	Vurderarar Rektor
Veke 4 og 5	Svara på påstandsskjema/spørjeskjema. Utfylte skjema vert sendt vurderarane innan 31.01.	Rektor
Veke 6	Scoring av påstandsskjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarar
Veke 7	VURDERINGSVEKE (12. – 15.02.07)	
Måndag 12.02.	Møte med foreldre kl. 18.00 – 19.00.	Vurderarar Rektor ansvar for innkalling
Tysdag og onsdag	Obsevasjon i klassane. Intervju med elevar og lærarar/SFO. Rektor set opp ein plan for dette og finn høveleg rom.	Vurderarar
Torsdag 15.02.07	Rapportskriving. Framlegging av rapport etter skuletid torsdag.	Vurderarar
Veke 9	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget og senda til vurderingsgruppa.	Rektor
Våren 07	Rapport vert lagt ut på regionen si nettside.	Regionen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sendte vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, SFO plan, sosial læreplan, konsekvensreglar ved brot på reglar, tiltaksplan mot mobbing, kartleggingsplan og aktivitetsplan.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i skulen sine planar og L06. Desse vart sendt til skulen for godkjenning på førehand. Skulen godtok kriteria med nokre få merknadar.

Påstandsskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandsskjema til elevane i storskulen. Desse vart fylt ut av elevane og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane med utgangspunkt i påstandsskjemaet og skulen sine planar. I tillegg vart det laga program for foreldremøtet.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering ved å spegla utsegnene frå elevar, lærarar og foreldre mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Positiv grunnhaldning på skulen**
Eit godt førsteinntrykk av skulen blei bekrefta gjennom samtaler med foreldre, elevar og personale.
- **Godt samhald i personalet**
Dei tilsette gav uttrykk for stor trivsel og samhald seg i mellom, og dei hjelpte kvarandre i skulekvardagen. Dei delte idear og utnytta kvarandre sin styrke. Det er eit nært forhold mellom lærarane og leiinga ved skulen. Det ligg godt til rette for eit rikt samarbeid mellom dei tilsette i skulen, SFO og barnehagen. Dei vaksne på skulen var positive til at barnehagen var flytta inn i same bygning.
- **Godt planarbeid ved skulen**
Skulen har utarbeid planar som til dømes verksemdsplan, verksemdsplan for SFO, sosial læreplan, tiltaksplan mot mobbing og trivselsreglar. Elevane har god kjennskap til den sosiale læreplanen, noko som tyder på at skulen nyttar den sosiale læreplanen i kvardagen. Skulen brukar og "Steg for Steg" i arbeidet med sosial kompetanse, noko teikningar og oppslag på veggane bar preg av.
- **Motiverte elevar**
Vi opplevde høflege, vennlege og tillitsfulle elevar. Spørjeundersøkinga hos elevane viste stor trivsel på skulen. Ingen av elevane ynskte seg til ein større skule. Alle var glade i og stolte over skulen sin. Dei viste stor interesse for å læra. Elevane i 5. - 7. gledde seg til den faste timen i barnehagen.
- **Engasjerte føresette**
Godt fram møte på møtet med vurderarane syner at foreldra er interesserte i barna sine. Dei hadde fleire konstruktive innspel i debatten. Dei gav uttrykk for at skulen har stor betydning for bygda. Lærarane framheva og at foreldra var lette å få med i samarbeidet.
- **Godt samspel mellom skule og nærmiljø**
Skulen sine planar viser at den bevisst legg vekt på eit godt samarbeid med nærmiljøet. Dei har eit tett samarbeid med t.d. Sogelaget og turnlaget. Skulen arrangerer kafe ein gong i månaden, generasjonstreff, bygdekveld og jolefest med meir.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Skulen er ein lærande organisasjon.

I følgje verksemdsplanen har skulen gode rutinar når det gjeld å drøfta resultat frå kartleggingar og brukarundersøkingar og fylgjer opp desse.

I ein lærande organisasjon er det og viktig at det vert lagt til rette for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling i personalet. Det må leggjast til rette for reflektering over læring og læringsmiljø. Det er gjennom pedagogiske drøftingar at ein skapar felles forståing for kva som er eit godt elevmiljø og eit godt læringsmiljø. Vi foreslår jamnlege møte på skulen kor både pedagogar og SFO - leiar bør vera med.

Elles vil vi foreslå at lærarane kan få hospitera på andre skular for å få påfyll i skulekvardagen. Rongen skule har få tilsette, og difor vil vi og foreslå at skulen prøver å inngå eit samarbeid med andre skular i det pedagogiske utviklingsarbeidet. Det kan vera med på å skapa meir interessante drøftingar i kollegiet.

Basisdugleikane i Kunnskapsløftet.

Kunnskapsløftet har fem basisdugleikar. Desse er : Å kunne uttrykkja seg skriftleg, uttrykka seg munnleg, kunne rekna, kunne lesa og kunne bruka digitale verkty. Så langt vi ser, vert dei fire fyrste dugleikane tatt godt vare på.

IKT skal kunne nyttast som reiskap i alle fag. I skulen sin verksemdsplan blir IKT-arbeidet framheva. Ved Rongen skule er dette arbeidet hemma av at dei manglar breiband-tilknytning.

Elevane uttrykkjer stor glede over å arbeida med data, og nokre av dei meiner at dei arbeider for mykje med bøker. Den positive interessa hos elevane er eit godt utgangspunkt for variasjon i undervisninga og god læring.

Det er viktig for skulen å få ei snarleg løysing på breiband-problema.

Ein viktig del av den pedagogiske debatten må bli å finna gode hjelpemiddel på internett som gjev læring og utvikling for elevane. Samstundes må ein halda fram arbeidet med å gje elevane varierte arbeidsoppgåver og arbeidsmetodar på vegen mot læringsmåla.



Meir individuell tilbakemelding til heimen.

Dei føresette meinte konferansetimane var gode. Dei ytra ynskje om meir informasjon om den faglege og sosiale utviklinga til barna deira i tida mellom konferansetimane. Vi foreslår at skulen innfører tilbakemelding til heimen ein gong i månaden, eller oftare om nødvendig. Ei slik tilbakemelding gjer at det vert lettare for foreldra å fylgja med og støtta skulen.

Skulen bør bruka eit fast skjema med plass for fagleg og sosial utvikling og ein rubrikk der dei føresette skal kommentera. Dialogen mellom heim og skule er viktig i denne samanhengen. Desse skjema bør skulen ta vare på, slik at foreldra kan få dei når skuleåret er slutt.

Halde fram arbeidet mot mobbing.

I intervju seier alle partar at det er minimalt med mobbing.

Skulen har ein god tiltaksplan mot mobbing. I samtale med personalet kjem det fram at planen er jamleg i bruk.

Erfaringsmessig blir det særleg fokusert på utagerande mobbing i skulen, kor gutane ofte er i overtall, medan andre typer mobbing som t.d. utestenging og "jentemobbing" blir oversett.

Rongen skule sin plan har eit eige punkt om jenter og mobbing. Det er bra at skulen har retta fokus på dette. Mange skuler har god erfaring med målretta førebyggjande tiltak mot jentemobbing, t.d. med eigne jentegrupper. Skulen bør vurdera dette i det vidare førebyggjande arbeidet.

I den pedagogiske debatten er det viktig å få med kunnskapmoment om dette. Senter for Adferdsforskning i Stavanger har gode råd og tips å koma med i arbeidet med mobbing.



10 VIDARE ARBEID ETTER FEBRUAR 2007
RONGEN SKULE

Utviklingsområde	Idear
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- personalmøte med pedagogisk debatt- hospitering- erfaringsutveksling
Basisdugleikane i Kunnskapsløftet.	<ul style="list-style-type: none">- IKT basert læring- varierte oppgåver og arbeidsmetodar-
Meir individuell tilbakemelding til heimen.	<ul style="list-style-type: none">- månadsskjema etter felles mal
Halde fram arbeidet mot mobbing	<ul style="list-style-type: none">- starta jentegruppe- innhenting av meir kunnskap

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 15. februar 2007.

Rannveig L. Alvsåker
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Willy Solberg
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss



VEDLEGG 1

Påstandskjema for elevar 4. – 7. trinn, Rongen skule.

Set kryss under tala: 3 - heilt einig, nedover mot 0 - heilt ueinig.

	Påstander	3	2	1	0
1	Eg er trygg på skulen.				
2	Eg har vener på skulen.				
3	Det er kjekt i friminutta.				
4	Det er få konflikhtar på skulen.				
5	Me snakkar om mobbing i klassen.				
6	Det er arbeidsro i timane.				
7	Eg fylgjer reglane som gjeld i klassen og på skulen.				
8	Eg arbeider på mange ulike måtar på skulen.				
9	Eg får oppgåver som eg må grubla litt på.				
10	Læraren gjev tilbakemelding på korleis eg gjer skularbeidet.				
11	Eg har elevsamtale med læraren min kor me mellom anna snakkar om korleis eg har det på skulen.				
12	Læraren snakkar med meg kvar dag.				
13	Me får vera med på å bestemma litt kva me skal gjera og læra på skulen.				
14	Eg veit kva læraren ventar av meg når det gjeld læring.				
15	Klasserommet vårt er triveleg.				
16	Me har fysisk aktivitet på skulen kvar dag.				
17	Dei vaksne heime får sjå vekeplanen min kvar veke.				
18	Foreldra mine er interesserte i kva me gjer og lærer på skulen.				
19	Om det er noko anna du vil fortelja - bruk baksida av arket.				



VEDLEGG 2

Samtaleguide for elevane:

1. Kva er bra med å vera elev ved Rongen skule?
2. Er de greie mot dei andre elevane og dei vaksne på skulen?
3. Kva veit de om mobbing?
4. Opplever de konflikhtar/problem på skulen?
5. Kjenner de til ordensreglane og dei andre reglane som gjeld på skulen?
6. Er det arbeidsro i timane?
7. Kor ofte snakkar læraren med dykk i løpet av skuledagen?
8. På kva slags måte undervisar læraren?
9. Korleis får de vera med på å bestemma litt kva de skal læra på skulen?
10. Fortel om elevsamtalen.
11. På kva måte har de fysisk aktivitet på skulen?
12. Veit mamma og pappa korleis de har det på skulen?
13. Er det noko anna de vil fortelja oss?



VEDLEGG 3

Samtaleguide for lærarane:

1. Kvifor valde de dette vurderingstemaet?
2. Korleis kunnskapsdeling/metodedeling føre seg?
3. Fortel korleis skuledagen er organisert for tilpassa opplæring.
4. Korleis er det med arbeidsro i timane?
5. Kva slags kompetanse har personalet innan klasseleiing og fremjing av sosial kompetanse?
6. Personalet tar kollektivt ansvar for elevane. Korleis viser dette seg i skulekvardagen?
7. Korleis gjennomfører de elevsamtalen?
8. Korleis fungerer dialogen om elev si faglege og sosiale utvikling?
9. Korleis tar foreldra ansvar for utvikling av skulemiljøet?
10. Korleis trur de at foreldra opplever foreldremøta?



VEDLEGG 4

Samtaleguide for foreldre/føresette:

1. Sei noko som er bra ved Rongen skule.
2. Korleis opplever de foreldremøta og konferansetimane på skulen?
3. Korleis fungerer dialogen om eleven si faglege og sosiale utvikling?
4. Korleis jobbar skulen med konflikhtar mellom elevane?
5. I kva grad kan de foreldre/føresette vera støttespelarar for skulen?
6. Er dt område/problemstillingar de meiner Rongen skule bør gripa tak i?